



Kjell Langenes
Sandslihovden 39
5254 SANDSLI

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4565 - 15/22381

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
16.06.2015

Pålegg om stopp i arbeidet etter pbl 32-4 / varsel om pålegg om retting etter pbl § 32-3 - 60/41 Langenes - veg til hytte

Administrativt vedtak. Saknr: 255/15

Tiltakshavar: Kjell Langenes
Heimelshavar: Kjell Langenes
Heimel: Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4

Saka gjeld

I samband med handsaming av søknad om utseppsløyve har vi observert at det er sett i gang bygging av kjøreveg fram til tomta. Denne vegen er ikkje omsøkt, ikkje som permanent veg og ikkje som anleggsveg. Vegen er såleis ulovleg bygd. Vegen er også i strid med reguleringsplanen, som viser gangsti frå felles parkeringsplass.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve pålegg om omgåande stopp i arbeidet med bygging av veg. Arbeidsstaden må sikrast forsvarleg.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Ansvar

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedomsregisteret til grunn at du er eigar av eigedomen. Det er eigars ansvar å syte for at reglane i plan- og bygningslova (pbl) vert halde.

Førehandsvarsel

Pålegget er ikkje førehandsvarsla med heimel i pbl. § 32-4:

Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.

Synfaring

Kommunen har vore på synfaring på eigedommen.

VURDERING

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. § 20-1 bokstav k om søknadsplikt og krav til løyve.

Kommunen vurderer at det er naudsynt å gje stoppordre med omgåande verknad av omsyn til å sikre at arbeid vert utført i samsvar med gjeldande plangrunnlag, av omsyn til naboar og omgjevnadane, samt å sikra at arbeidet vert utført av føretak der kommunen har godkjent ansvarsrett.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve i ettertid.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i pbl§ 32-2 vert det varsla om at kommunen vil gje pålegg om retting og tilbakeføring av terrenget dersom ikkje søknad om løyve til tiltak med dispensasjonssøknad vert sendt inn **innan 01.09.2015.**

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
12.1.2	Vedtaket med pålegg om retting eller stans pbl § 32-4	1	Kr 8.000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 8.000,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/4565

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær AS
Solhytten AS

Burkhovdane 1 5914
Welhavens vei 4 4319

ISDALSTØ
SANDNES

Mottakarar:
Kjell Langenes

Sandslihovden 39 5254

SANDSLII